

VR-sak 16/17: Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten. Møreforsking sitt utgreiingsarbeid og Vestlandsrådet sin vidare strategi.

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane kontakta i august månad tre forskingsmiljø med mål om å hente inn tilbodsskisser på ei utgreiing knytt til temaet «Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten». Konkurransegrunnlaget gjekk ut til Møreforsking, Telemarksforskning og Vestlandsforskning. Den 11.09.17 mottok fylkesrådmannen tilbodsskisse fra Møreforsking. Telemarksforskning og Vestlandsforskning valde å ikkje sende inn tilbodsskisse i høve utgreiingsoppdraget.

Møreforsking sitt tilbod inneber, som vi skal sjå nærmere på i denne saksutgreiinga, at det vert levert ein sluttrapport 05.02.18, slik at ei sak om rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten kan leggjast fram for Vestlandsrådet i slutten av februar neste år. Frå 01.01.18 har Møre og Romsdal fylkeskommune leiar, innstillinge fylkesrådmann og sekretariatsleiar for Vestlandsrådet. Sogn og Fjordane fylkeskommune står som kontraktspart overfor Møreforsking på vegne av Vestlandsrådet i høve til dette utgreiingsarbeidet, og følgjer opp denne saka fram til Vestlandsrådet sitt møte i februar.

Samferdslegruppa drøfta sommaren 2017 innretning og utforming av eit utgreiingsoppdrag, med utgangspunkt i Vestlandsrådet sitt vedtak i VR-sak nr. 10/17 (11.05.17) «Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten»:

1. Vestlandsrådet legg til grunn at ferjene våre er svært viktige både for innbyggjarar og næringsliv.
2. Vestlandsrådet støttar arbeidet med å få på plass ein ny fordelingsnøkkel i inntektssystemet. Denne må basere seg på ein standard som er rimeleg ut frå dagens krav, og stimulere til anskaffing og utvikling av null- og lågutsleppsteknologi. Vidare må den totale ramma som Stortinget løyver også ta høgde for dei kostnadene ferjefylka no møter.
3. Vestlandsrådet ber om at det hausten 2017 vert lagt fram ei oppdatert sak som byggjer på Kommuneproposisjonen for 2018 og dei krav det ut frå denne er rimeleg å stille.
4. Vestlandsrådet tek initiativ til at det vert utgreidd korleis dei fire vestlandsfylka saman kan jobbe vidare for å få til ein nasjonal standard for kravsspesifikasjonar knytt til anbodsprosessar på ferjer i fylkeskommunal regi. Forslag til ein handlingsplan vert presentert og handsama i Vestlandsrådet i løpet av 2017. Det vert sett av kr. 250 000,- til dette arbeidet vidare. AU får fullmakt til å avgjere korleis løvinga skal finansierast.

Fylkesrådmannen går her kort igjennom oppdraget/konkurransegrunnlaget som gjekk ut i august, og vidare Møreforsking si løysingsbeskriving.

Oppdragsgjevar si beskriving oppdraget

Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune la i konkurransegrunnlaget, på vegne av Vestlandsrådet, og med bakgrunn i Vestlandsrådet si drøfting i Sogndal den 11.05.17, å få utarbeidd ei utgreiing av rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten og ferjekaianlegg.

Oppdragsgjevar har understreka at det for dei store ferjefylka er viktig at:

Vestlandsrådet

- Ferjenøkkelen i inntektssystemet, relativt til andre delnøkklar, speglar kor store kostnader som er relaterte til ferjesektoren samanlikna med andre sektorar. Dersom nøkkelen vert vekta for lågt, vil det føre til at ferjefylka kjem relativt sett dårlegare ut enn fylke som ikkje har ferjedrift.
- Den samla ramma som Stortinget løyver til fylkeskommunane også tek høgde for kostnadsveksten innan ferjesektoren. Her må mellom anna miljøkrav, HMS-krav, krav til infrastrukturtiltak og krav til universell utforming fangast opp. Det er ikkje tilstrekkeleg at ramma berre tek høgde for meir ordinære endringar knytte til drivstoffprisar og mannskapskostnadjar.

I tillegg uttrykkjer Sogn og Fjordane, i Vestlandsrådet si oppdragsbeskriving, ein vekst i kostnader til ferjedrifta langt utover den generelle prisveksten som gjer at den samla inntektsramma for drift og fornying av ferjeflåten må aukast, og at vektinga må vere korrekt. Oppdragsgjevar har bede om ei skisse som inneheld følgjande element:

Ferjedrift:

- a) Beskriving av dagens modell for berekning av totalramma til drift av fylkesvegferjer.
- b) Utgreiing som belyser korleis det kan sikrast ei ramme til fylkesvegferjedrift som gjer fylkeskommunane i stand til å handtere:
 - I. Auka kostnader som følgje av andre-gongs-tilbod / generell kostnadsvekst.
 - II. Ny teknologi i ferjedrifta – m.a. som følgje av «det grøne skiftet»

Ferjekaier:

- a) Beskriving av korleis ramma til drift/vedlikehald/investering i ferjekaiar blir berekna i dag.
- b) Vurdering av i kva grad dagens modell fangar opp dei reelle utgiftene til ferjekaier:
 - I. Dagens utgifter.
 - II. Utgifter til ferjekaiar ved innfasing av ny/alternativ teknologi. Herunder kort omtale av aktuelle støtteordningar som for eksempel ENOVA yter i dag.

Møreforsking si løysingsbeskriving

Møreforsking syner i tabellen under korleis oppdraget er tenkt løyst og gjennomført utifrå oppdragsgjevar si oppdragsbeskriving. Fylkesrådmannen peikar i oppdraget på at det er viktig ferjenøkkelen ikkje vert vekta for lågt, sidan ferjefylka då vil kome svakare ut enn fylke utan ferjer. Inntektssystemet er lagt opp slik at dersom ferjer skal vektast opp, så medfører det lågare vekt på ei av dei andre vektene.

Møreforsking føreslår difor at det innleiingsvis i rapporten vert gjeve ei kort beskriving av korleis inntektssystemet til fylkeskommunane fungerer.

Oppdragsgjevar si bestilling	Møreforsking –løysingsforslag/utgreiingsopplegg
Beskriving av dagens modell for berekning av totalramme til drift av fylkesvegferjer.	Beskriving av kva som ligg til grunn når vekta for elementet «ferje» vert berekna. MF føreslår også å inkludere ei kortfatta, overordna beskriving av inntektssystemet for å gje utgreiinga ein utfyllande kontekst.

<p>Utgreiing som belyser korleis det på eit fagleg grunnlag kan sikrast ei ramme til fylkesvegferjedrift som set fylkeskommunane i stand til å handtere auka kostnader som følgje av andre-gongs-anbod/generell kostnadsvekst.</p>	<p>Det er i den seinare tida gjort fleire utgreiingar som handlar om kostnadsutviklinga innanfor ferjedrift. Møreforsking vil samanstille kjend informasjon, og vil også gjere eigne vurderingar basert på data MF alt har tilgang til.</p> <p>Dersom fylkeskommunane i Vestlandsrådet ønskjer å gje Møreforsking tilgang til detaljerte data om kostnadene i ferjedrifta, vil MF kunne utarbeide figur(ar) tilsvarende det MF kartlagde i rapporten Svendsen og Müller (2015), tabell 4, der ein delte kostnadene inn i kategoriane:</p> <ul style="list-style-type: none"> b) Grunnbeløp i kontrakt c) Nasjonale krav og føringar d) Tilleggskjøp e) Anna (samlepost) <p>Møreforsking vil i tillegg ha kostnadsutviklinga i ferjedrifta som tema i dialogen med fylkeskommunane gjennom utgreiinga. Dette for å avdekke kva fylkeskommunane sjølv meiner er dei største utfordringane.</p>
<p>Utgreiing som belyser korleis det kan sikrast ei ramme til fylkesvegferjedrift som set fylkeskommunane i stand til å handtere ny teknologi innan ferjedrifta – m.a. som følgje av «det grøne skiftet».</p>	<p>Gjennom datainnsamling vil Møreforsking også undersøke kva detaljar og data fylkeskommunane er villige til å dele. Dette gjeld spesielt i dei seinare anboda der det er bede om alternativ teknologi, og med fokus på reduserte miljøutslepp. Det vil ikkje kunne konkluderast med kva for verknader dette vil ha framover basert på relativt få obsevasjonar, men det vil vere mogleg å utdjupe noko om dei erfaringar som er gjort fram til i dag. I tillegg vil MF gå gjennom ny dokumentasjon om kostnadene i ferjedrifta knytt til alternativ teknologi, t.d. ny EFFEKT-modul for ferje.</p>
<p>Beskriving av korleis ramma til drift, vedlikehald og investeringar i ferjekaiar vert berekna i dag.</p>	<p>Beskriving av korleis utgifter til ferjekaiar inngår i inntektssystemet.</p>
<p>Vurdering av i kva grad dagens modell fangar opp dei reelle utgiftene til ferjekaiar.</p>	<p>Ved hjelp av datainnsamling frå fylkeskommunane i Vestlandsrådet vil Møreforsking så langt det let seg gjere gjennomføre ei samanlikning av faktiske utgifter sett i forhold til overføringer gjennom inntekts-systemet. Møreforsking vil i tillegg gjennom intervju med dei fire fylkeskommunane freiste å kartlegge kva forhold som avgjer prioriteringane knytte til drift og vedlikehald av kaier. Det same gjeld kva som utløyser investeringar i kai-anlegg. MF vil gjennom dette forsøke å få tydeleggjort kva som er dei reelle utgiftene til kaier. Aktuelle støtteordningar i samband med infrastruktur ved val av ny, miljøvenleg teknologi vil bli omtala/utdjeta.</p>
<p>Vurdering av i kva grad dagens modell fangar opp utgifter til ferjekaiar ved innfasing av ny/alternativ teknologi.</p> <p>Herunder ein omtale av aktuelle støtteordningar som t.d. ENOVA står for i dag.</p>	

Vestlandsrådet

Fylkesrådmannen har inngått avtale med Møreforsking om at når punkta i tabellen ovanfor er svara på, vil Møreforsking avslutningsvis samanstille informasjonen og gjere eigne analysar av den totale verknaden som fylkeskommunane kan stå overfor framover.

Fylkesrådmannen vurderer dette samla sett som ei nyttig tilnærming til eit komplekst element i fylkeskommunane sitt inntektssystem. Fylkesrådmannen legg, i tillegg til denne løypemeldinga, opp til at Møreforsking sin prosjektleiar stiller med ei innleiing til debatten i Vestlandsrådet 25. oktober.

Tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet tek fylkesrådmannen si orientering om utgreiingsarbeidet som Møreforsking no har starta opp til vitande.
2. Vestlandsrådet ber om at det til første møte i 2018 vert lagt fram ein strategi for vidare påverknadsarbeid knytt til rammevilkåra for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten.

Strategien legg eventuelt Møreforsking sin rapport til grunn.
